



# Villreinutvalet for Nordfjella

## SAMJAKTAVTALE mellom FJELLSTYRA og private jaktfelt i sone 1, Nordfjella villreinområde

Mellom fjellstyra i Hemsedal, Ål, Hol, Aurland og Lærdal er det inngått slik SAMJAKTAVTALE for villreinjakta i sone 1 (områda nord for fv 50) i Nordfjella villreinområde for 2017. Avtalen vert utvida til også å gjelda for dei private jaktfelt som ved feltansvarleg si underskrift aksepterer dei rettar og plikter som er nedfelt i avtalen.

Avtalen gjeld for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for dei statsallmenningar og kommunale eigedomar som fjellstyra har forvaltingsansvar for innan Nordfjella villreinområde. Avtalen gjeld og for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for private jaktfelt som er med i avtalen.

Samjaktavtalen omfattar ikkje kontrollkort som er utsteda til jaktfelt som ikkje har slutta seg til avtalen innan den gjeldande fristen.

**Avtalen gjeld f.o.m. 25.8.17 og ut jakta, dersom ikkje annan dato er fastsett for for det einskilde tilslutta jaktfelt (sjå side 2), på følgjande vilkår:**

1. Avtalen gjeld alle vekedagar .  
I denne perioden er det samjakt mellom allmenningar og private felt som vert omfatta av avtalen.
2. Jegerar som nyttar seg av denne avtalen plikter å syna "god jegerskikk" og ta omsyn til andre jegerar i området, og ikkje øydeleggja for pågåande jakt. Dersom det er mogeleg, skal **jegeren gje seg til kjenne** på jaksambandet, eller på annan eigna måte.
3. Jegerar som nyttar denne samjaktavtalen pliktar å ha med seg valdkartet for Nordfjella og vera godt orientert om aktuelle jaktfeltgrenser.
4. Brot på reglane i avtalen vert rekna som ulovleg jakt, og jegeren vil bli meld og kan bli straffa.

For private felt som ynskjer å melda seg inn i avtalen, må innmeldinga skje innan den **15. juni**.

***Alle jegerar vert på det sterkaste oppmoda om å bruka klede- eller hovudplagg med signalfarge, sidan det i år vert ekstra mykje folk i reinfjellet!***

Tilslutta statsallmenningar i Nordfjella:

Hemsedal, Gjeld frå 25/8 [Signature] for Hemsedal fjellstyre tlf. 48010186  
 Ål, Gjeld frå 25/8 [Signature] for Ål fjellstyre, tlf.  
 Hol, Gjeld frå 25/8 [Signature] for Hol fjellstyre tlf:  
 Aurland Gjeld frå 11/9 [Signature] for Aurland fjellstyre tlf.  
 Lærdal, Gjeld frå 25/8 [Signature] for Lærdal fjellstyre tlf.

Oppsynsleiar's tlf: 995 67 650

**Følgjande private jaktfelt i NF sluttar seg fullt og heilt til ovannemnde gjensidige avtale:**  
 (Påfør NF-feltnummer, dato, ansvarleg underskrift og aktuell kontakttelefon)

Hemsedal:	25/8:	NF 100, ALLE FELT.
Ål:	25/8:	NF 202 - 204 - 207 - 209 - 212 - 213 - 214 - 215 - 216 - 217
	"	218 - 221 - 222 - 228 - 229 - 230 - 231 - 223 - 227.
	11/9:	NF 205 - 206 - 208 - 219.
Hol:	25/8:	NF 302 - 303 - 304A - 305 - 306 - 307 - 308 - 309 - 310 - 311.
Aurland:	11/9:	NF 404 - 405 - 406 - 407 - 409 - 413 - 414 - 416 - 417 - 418 - 419.
Lærdal:	25/8:	NF 510 - 512 - 513 - 514 - 516 - 517 - 525 - 527.
	4/9:	NF 526 - 528 - 529.
	11/9:	NF 515 - 519 - 522.